

Informasjonsskriv til lokallaga for 2011

Med dette sender SFSG ut møterefertat frå 1. halvår, og kort info om aktivitetar til no i år og vidare i 2011.

Styret består av:

Halvar Espeseth (leiar)

Eva Høydal (nestleiar)

Lars Nesse (rovvilt)

Mirjam Friberg (styremedlem)

Lene Engvik Rasch (sekretær)

Endringar i lokallaga

Me har delt lokallaga mellom oss, og prøvd å kome i kontakt med alle. Dette har ikkje lukkast, og me veit at det har skjedd endringar som ikkje er registrert hjå oss. Ver så snill å send årsrapport, i det minste namn, adresse og ev. e- post på leiar og sekretær. Kontakt Lene på e-post:

lene.engvik.rasch@sfj.no eller 97736176

Kva har skjedd til no?

- Me har hatt fire styremøte i SFSG. Referata finn de på www.nsg.no under Fylkeslaga.
- Fjelldag i Flora 3. juli

Turen blei litt kortare en planlagt på grunn av skodde denne morgonen. Tom Idar Kvam demonstrerte bruk av hund til å finne kadaver. Det var lagt ut kadaverrestar på førehand, som hunden fann rimeleg greitt. Tom Idar hadde ei god orientering om bruk av hund til kadaversøk, og at det vil verte halde kurs i fylket om dette emnet. På turen blei det og diskutert utfordringar knytt til sauebeite i området. *(Samandrag av referatet frå Norddalsfjord Sau og Geit v/ Olav Myrhol)*

Postadresse:
Halvar Espeseth
Askrova
6919 Tansøy

Kontor:

Telefon:57745163
Telefax:57745163
E-post:halvar@sifron.no
Mobil : 91723792

Bankgiro:3703 20 15213
Orgnr. 971115599

- **Fjelldag i Lærdal 30. juli**

Denne dagen var eit unntak denne sommaren, med blå himmel og strålande sol. Dermed var det duka for god deltaking, på rundt 40 personar. Turen gjekk frå Valdresdalen over Kviesjøen og ned Volldalen til Øvre Kvamme. På turen var det faglege innslag mellom anna om: om beite/ botanikk, og fornminne. Om kvelden var det Olsokfeiring på Postaabneriet Pub & Cafe A/S. Arrangørane fekk gode tilbakemeldingar på turen.

- **Avlsmøte på geit 30. august**

Jølster Sau og Geit inviterte avlskonsulenten frå NSG, Ingrid Rimeslåttan Østensen, om å komme til Jølster for å halde eit føredrag om avl på geit. Alle geitehaldarar i fylket var inviterte, og heile 20 møtte opp frå store delar av fylket. Ingrid Rimeslåttan Østensen gjekk gjennom kva NSG jobbar med, mellom anna: Avlsmål og avlsframgang, berekningar av indeksar, kåring, seminkurs, kvifor ein driv med avl, og korleis få betre avlsframgang. Deltakarane var svært positive til tiltaket og signaliserte at dei kunne tenkje seg 4 slike faglege samlingar for året. Jølster Sau og Geit er positiv til å ta på seg å arrangere fleire slike samlingar, og Sogn og Fjordane Sau og Geit støtter opp om dette.

(Samandrag av referatet frå Jølster Sau og Geit v/ Ragnhild Sæle)

- **Fylkesmeisterskap i gjetarhund 1. oktober 2011**

Fylkesmeisterskapet blei halde på Storesunde i Strynedalen. Det blei konkurrert både i 1,2 og 3. klasse.

Kva skjer framover?

- **Agro NordVest På hotell alexandra i Loen 4-5 november**

AgroNordVest er landbruksnæringa i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre si nye satsing. Her tek vi mål av oss til å samle bønder / framtidige bønder/ personar med tilknytning til næringa og deira ektefeller/ sambuarar/ kjærstar til fagleg påfyll og sosialt fellesskap. Me håpar så mange som mogleg møter opp.

Sjå eige program.

Rovdyr

- **Jerveynglingar**

Det er planlagt endringar i forvaltningsplanen i region 3. Denne inneber fleire ynglingar i fjellområda i Oppland, nær grensa til Sogn og Fjordane. SFSG og Bondelaget jobbar for å bevare grensene slik dei er i dag. Me veit førebes ikkje utfallet.

- **Lisenskvoten på jerv i region 1 vart sett til 5 dyr. 3 av disse er øremerka indre Sogn, og 2 er for heile region. Jaktperioden er frå 10/9 - 15/2.**
- **Det er dokumentert dyr drepen av jerv i Årdal og Luster denne beitesesongen.**
- **Det vart opna for lisensjakt på bjørn. Jakttid 21/8 - 15/10.**

Sekretær i SFSG, Lene Engvik Rasch